



## Møteprotokoll Kommunestyret

**Møtedato:** 21.01.2021

**Møtestad:** Teams-møte (evt kommunehuset for dei utan nett)

**Møtetid:** 18:00 - 21:50

Kommunalsjef service og forvalting, Thomas Lindås, fungerte som rådmann i dette møtet.

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Per Lerøy	AP	Ordførar
Ann Kristin Leirvåg	AP	Medlem
Monika Thorpe	AP	Medlem
Hardy Pedersen	AP	Medlem
Reidar Ulvøy	AP	Medlem
Britt Mary Skaalevik Lerøy	AP	Medlem
Inger Lise Brekke	H	Varaordførar
Rikke Heldal Hope	H	Medlem
Aslak André Bakke	H	Medlem
Helge Dyrkolbotn	KRF	Medlem
Anne Dahle Austrheim	KRF	Medlem
Randi Keilegavlen Dyrøy	KRF	Medlem
Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn	SP	Medlem
Reidar Øksnes	SP	Medlem
Marita Terese Bru	BIA	Medlem

Forfall meldt frå følgjande medi.	Parti
Lise Renate Helle	SP
Morten Sognnes	H

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle
Hege Ramsland	H	Varamedlem
Gro Kaland	SP	Varamedlem

---

**Desse møtte frå administrasjonen:**

Bjørnar Fjellhaug, Ketil Tjore, Liv Løvvik, Odd Harald Dommersnes, Rolf-Henning Myrmel, Thomas Lindås

---

Austrheim 22. januar 2021

Per Lerøy  
ordførar

Ketil Tjore  
møtesekretær

## **Sakliste**

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
001/21	Godkjenning av innkalling og saksliste
002/21	Godkjenning av møteprotokoll
003/21	Orienteringssak
004/21	Revisjon av selskapsavtale Nordhordland Utviklingsselskap IKS
005/21	Framtidig organisering av Nordhordland digitalt
006/21	Slutthandsaming Austrheimskulen i framtida - skulestruktur 2021

## **001/21: Godkjenning av innkalling og saksliste**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjent

### **21.01.2021 KOMMUNESTYRET**

Handsaming i kommunestyret:  
Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

### **KS - 001/21 - 21.01.2021 - Vedtak:**

Innkalling og sakliste vert godkjent

---

## **002/21: Godkjenning av møteprotokoll**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

### **21.01.2021 KOMMUNESTYRET**

Handsaming i kommunestyret:  
Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

### **KS - 002/21 - 21.01.2021 - Vedtak:**

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

---

## **003/21: Orienteringssak**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

## **21.01.2021 KOMMUNESTYRET**

Einingsleiar teknisk drift, Rolf Henning Myrmel, orienterte om arbeidet med brøyting og strøing. Kommunen har hatt møte med dei som utfører, og sett på korleis ein gjer dette arbeidet.

Det er endring her etter at fylkesvegane vert brøyta tidlegare og har svart veg, og forskjellen til dei kommunale kan vera stor. Med start av brøyting først på 7 cm kan det vera 25 cm før dei når rundt på heile roden, og innan dette er det kjørt ned og islagt ein hard såle nokre stader.

Ser på no at ein skal starta brøytinga tidlegare, og heller ta det att på mindre strøing. Det er dyrt med både strørbeidet, sjølve strøsanden og deretter kosting, og reinsking av slukar med sugebil. Vil heller gå over til tidlegare brøyting og deretter salting.

Har no laga lister som entreprenørane skal brøyta etter, slik at det er tydeleg kva rekkefølgje arbeidet skal gjerast i, og det vert lettare å følgja opp både underveis og i etterkant. Vonar at dette skal gje mindre strøing og mindre klager.

Marita Bru (Bygdelista) sa at fortaua var farlege å brukta, det var is og ikkje strødd/salta. Ba om at fortaua vart prioritert høgare av entreprenørane. Rolf Henning Myrmel svara at dette er tatt opp med entreprenørane, det skal prioriterast høgare, samt at ein vil brukta eigne folk på dagtid til strøing.

Britt Skålevik Lerøy (Ap) spurte om forskjellen opp mot fylket, ordførar Per Lerøy og Rolf Henning Myrmel svara at fylket har høgare krav, og det vil vera kostbart å legga seg på deira linje. Men må prioritera høgare brattaste bakkane og dei områda der det kan vera kjørt ned før det blir brøytt. Teknisk vakt i kommunen skal vera meir ute for å følgja opp underveis kor tid ein skal starta og korleis det går underveis. Har nok gjort ein for dårlig jobb denne gongen, kombinert med at det var kaldt i bakken, med underkjøling så fraus det meir.

Gro Kaland (Senterpartiet) spurte om det er kjent for alle kva som skal prioriterast, dette bør vera kjent for alle. Rolf Henning Myrmel svara at det ikkje ligg ute no, men det skal ordnast (møtesekretæren ordnar).

Reidar Ulvøy (Ap) ba om at ein også brukar andre enn dei faste entreprenørane dersom det kjem slike store snøfall igjen. Det er også andre med traktor som kan tre inn? Om dette sa Rolf Henning Myrmel at kommunen no er delt i fem roder mot tidlegare to, samt at entreprenørane har beskjed om at ein kan be kommunen sine folk om assistanse dersom det trengst, også utanom arbeidstid. Myrmel viste elles til at det er stramme budsjett på dette, og at ein har halde igjen for å vera sikker på at ein har oversikt.

Aslak Bakke (H) sa at det var ein spesiell situasjon med mykje snø på kort tid, men bra om dei som har brøyteavtale har back up på gjennomføringa av dette.

Britt Skålevik Lerøy (Ap) sa at ein må sjå heilskapen i dette, ikkje berre brøytebudsjettet, men også kva det kostar om nokon knekk foten og er sjukemelde.

Reidar Ulvøy (Ap) sa at det må vera teknisk vakt som bestemmer at det skal setjast inn eige mannskap, og ikkje opp til entreprenøren. Per Lerøy (Ap) sa om dette at målet er at teknisk vakt skal følgja tettare.

Marita Bru (Bygdelista) sa at det må vera entreprenøren som ser når det er vanskar med å nå rundt, og som kan be om hjelp.

----

Ordførar Per Lerøy orienterte om arbeidet som vert gjort for å få plassert ein batterifabrikk i Mongstad-området. Eit alternativ er arealet som kommunen nett har fått regulert ferdig, samt over i Alver kommune, og på grunn eigmend av Mongstad Vekst og diverse private grunneigarar. Kaland trelast

er inne i dette området, men dei er positive og svarer at dei kan finna seg nytt areal om dette vert noko av. Har også dialog med Equinor med tanke på arealet mellom raffineriet og basen. Legg såleis fram to alternativ for plasseringa.

Skal saman spela inn dette området. Her er det 1000 mål ledig, det er god hamn i nærliken, god tilgang på arbeidstakarar innanfor times reise, lokal kompetanse og leverandørindustri som er van med å driva service opp mot industrien, og har avklart med Equinor at ein har tilgang på tilstrekkeleg med vatn.

Fyller alle kriteria, har no sikra også straum, med den kraftlinja som er bygd for 420 KV, men førebels straumsett med 300 KV. Det tok 19 år fra 2000 til 2019 å få linja frå idestadiet til bruk, så har Equinor undervegs søkt om å bruka dette til å elektrifisera Troll B og C og Oseberg feltcenter. Signalet frå Statnett og BKK er no at det skal vera 100 megawatt tilgjengeleg straks, og seinare 175 megawatt.

Mange kommunar i Vestland fylke som er interesserte, der dei ulike kommunane inngår i det samla prospektet som vert utarbeidd av Vestland Fylkeskommune.

Har vore eit godt samarbeid med andre aktørar for å få dette på plass, i tillegg til at Ernst & Young er henta inn for å utarbeida det som skal spelast inn. Har ein god kandidat her, men det er i sterkt konkurrans. For arealet med rekkefølgjekrav med rundkjøring og undergang/fortau kan det verta kring 100 millionar kroner i kostnad.

Marita Bru (Bygdelista) sa at det er stort energibehov for ein slik fabrikk, viktig at ein ikkje brukar heile reserven og dermed får vindparkar i Masfjordfjella. Per Lerøy (Ap) svara at det er overkapasitet på produksjon i Vestland, der ein eksporterer mykje straum ut av fylket.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at dersom dette kjem på plass så må kommunen jobba for å kapra tilsette til å busetja seg lokalt her i kommunen. Per Lerøy (Ap) svara at kommunen har rundt 500 byggeklare tomter i kommunen, samt at det vert starta regulering av nytt bustadareal nord for Ekornsåta (Kaland). Er også ledige tomter i Alver.

Per Lerøy (Ap) sa at den kandidaten som var frampå tidlegare, men fekk beskjed om at det ikkje var straum tilgjengeleg, kanskje kan komma likevel om det er kraft på plass.

Reidar Øksnes (Sp) etterlyste at ein jobbar meir med å få vatn over Fensfjorden frå Masfjorden, frå slik høgde at det renn over utan straumforsyning. Masfjorden-vatn vil ha betre kvalitet også. Ser at det ikkje er meir vatn enn det må vera i denne delen av gamle Lindås kommune. Sa vidare at ein heller enn å få mykje for grunnen, kan oppnå ting gjennom samarbeid om den infrastrukturen som uansett må byggast i prosjektet.

Per Lerøy (Ap) sa at det er 3-5 lokasjonar som vil gå til ein finalerunde, der det skal forhandlast om pris og anna.

Reidar Ulvøy (Ap) sa at ein må jobba mot at linjenettet her skal brukast til å elektrifisera sokkelen, desse bør heller henta straumen heilt inne der den vert produsert. Spurte også etter den reelle gevinsten av å senda gassen til Europa for å brenna den der. Her svara Per Lerøy (Ap) at det er det signalet som vert gitt, også frå fylkeskommunen, om at straum til å elektrisera sokkelen kan hentast frå Samnanger eller Modalen. Om utslepp sa Lerøy at det berre reduserer utslepp i Nordsjøen, medan det globale utsleppet vert det same.

Reidar Øksnes (Sp) spurte om det er mogleg å få betaling som ei innbetaling på næringsfond i Austrheim og Alver, og tenkjer fram måtar der ein kan få inn midlar. Her svara Per Lerøy (Ap) at så lenge det er mange som er eigrarar av arealet, er det nok fleire som er interessert i å få pengar på bordet i eit sal.

Aslak Bakke (H) sa at ein må jobba for å komma til forhandlingsbordet.

Gro Kaland (Sp) spurte om kva som skjer med vegen til Kjeilen, og viste til at det har vore tale om å bygga veg nordover til Kalandssjøen. Om dette sa Per Lerøy (Ap) at det er ein idé som må vurderast vidare.

Per Lerøy (Ap) sa at det materiellet som vert laga no, kan gjenbrukast seinare dersom ein ikkje får napp i denne omgangen. Dette materiellet kan gjerast offentleg den 28. januar når det vert levert. Dersom fabrikken kjem, er det start på etableringa i 2023, og start produksjon i 2025.  
Handsaming i kommunestyret:  
Orienteringane vart teke til vitande.

#### **KS - 003/21 - 21.01.2021 - Vedtak:**

Orienteringane vert teke til vitande.

---

#### **004/21: Revisjon av selskapsavtale Nordhordland Utviklingsselskap IKS**

##### **Rådmannen sitt framlegg:**

Austrheim kommune godkjenner revidert selskapsavtale med følgjande endringar:

1. Alver kommune overtar eigaransvaret til kommunane Lindås, Meland og Radøy.
2. Vaksdal kommune trer inn som ny medeigar i selskapet.
3. Det vert gjort endring av røystetal, eigar/ansvarsdel og kostnadsdeling.
4. Selskapet skiftar namn frå Nordhordland Utviklingsselskap IKS til Region Nordhordland IKS.

#### **14.01.2021 FORMANNSKAPET**

Rådmann Liv Løvvik orienterte kort om at dette er ei sak som kjem på grunn av endringane i kommunestruktur.

I tillegg er Vaksdal inne som ny eigarkommune.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

#### **FS - 004/21 - 14.01.2021 - Vedtak:**

Austrheim kommune godkjenner revidert selskapsavtale med følgjande endringar:

1. Alver kommune overtar eigaransvaret til kommunane Lindås, Meland og Radøy.
2. Vaksdal kommune trer inn som ny medeigar i selskapet.
3. Det vert gjort endring av røystetal, eigar/ansvarsdel og kostnadsdeling.
4. Selskapet skiftar namn frå Nordhordland Utviklingsselskap IKS til Region Nordhordland IKS.

#### **21.01.2021 KOMMUNESTYRET**

Handsaming i kommunestyret:

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **KS - 004/21 - 21.01.2021 - Vedtak:**

Austrheim kommune godkjenner revidert selskapsavtale med følgjande endringar:

1. Alver kommune overtar eigaransvaret til kommunane Lindås, Meland og Radøy.
  2. Vaksdal kommune trer inn som ny medeigar i selskapet.
  3. Det vert gjort endring av røystetal, eigar/ansvarsdel og kostnadsdeling.
  4. Selskapet skiftar namn frå Nordhordland Utviklingsselskap IKS til Region Nordhordland IKS.
- 

## **005/21: Framtidig organisering av Nordhordland digitalt**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Det interkommunale samarbeidet Nordhordland digitalt etter tidlegare kommunelov § 27 vert oppløyst.  
Nordhordland digitalt som administrativt samarbeid innan byggjesak, kart og oppmåling samt Nordhordland digitalt som eige rettssubjekt innan kart og geodata vert organisert inn under Nordhordland Utviklingsselskap IKS (NUI).

### **14.01.2021 FORMANNSKAPET**

Rådmann Liv Løvvik orienterte kort om at dette er ei sak som kjem på grunn av endringane i kommunestruktur.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak

### **FS - 005/21 - 14.01.2021 - Vedtak:**

Det interkommunale samarbeidet Nordhordland digitalt etter tidlegare kommunelov § 27 vert oppløyst.

Nordhordland digitalt som administrativt samarbeid innan byggjesak, kart og oppmåling samt Nordhordland digitalt som eige rettssubjekt innan kart og geodata vert organisert inn under Nordhordland Utviklingsselskap IKS (NUI).

### **21.01.2021 KOMMUNESTYRET**

Handsaming i kommunestyret:

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **KS - 005/21 - 21.01.2021 - Vedtak:**

Det interkommunale samarbeidet Nordhordland digitalt etter tidlegare kommunelov § 27 vert oppløyst.

Nordhordland digitalt som administrativt samarbeid innan byggjesak, kart og oppmåling samt Nordhordland digitalt som eige rettssubjekt innan kart og geodata vert organisert inn under Nordhordland Utviklingsselskap IKS (NUI).

---

## **006/21: Slutthandsaming Austrheimskulen i framtida - skulestruktur 2021**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

*Kommunestyret vedtek:*

Austrheimsskulen skal vere prega av trygge, gode, inspirerande og utviklende lærings- og skulemiljø. Dette vil gjelde både det fysiske og psykiske skulemiljøet.

*Skulestruktur:*

- Ungdomssteget vert samla ved Årås skule. Det vert lagt opp til ein opptrappingsplan slik at 7. steg ved Kaland skule startar på ungdomssteget ved Årås skule hausten 2021. 10. steg fullfører ungdomsskuleløpet ved Kaland barne- og ungdomsskule.
- Årås skule vert frå skuleåret 2021 Årås barne- og ungdomsskule.
- Kaland barne- og ungdomsskule, blir frå hausten 2022 rein barneskule og vil då få namnet Kaland barneskule.
- Inntaksområdet for ungdomssteget i Austrheim vert heile Austrheim kommune. For barnestega vil gjeldande krinsgrenser halde fram. Krinsgrenser Kaland skule: Leirvåg/Litlås/Kaland, Fonnes og Bakkøy. Krinsgrenser for Årås barnesteg: Nøten/Littlelindås, Leikvoll/Førland, Hopland/Bergsvik/Lerøy, Austrheim, Sætre, Årås, Budal/Toftegård/Ulvøy, Rebnor/Øksnes/Dyrnes og Øyane. Årås ungdomsskule: Heile Austrheim kommune.

*Andre tilrådingar:*

- Det vert innført femdagarsveke for alle elevar i Austrheim frå og med hausten 2021.
  - Det vert utarbeidd samla fag- og timebyteplan for Austrheimsskulen for å samkøyra start- og sluttidspunkt i så stor grad som mogleg.
- Det skal etablerast eit tenleg samarbeid med Austrheim vidaregåande skule vedk. arbeidslivsfag, forsering av fag, teknologi etc.

*Skulebygg/skuleområde:*

- Prinsippa i rapporten vert lagt til grunn som skulebruksplan for framtidig skulebygg.
- Skulane vert sett i stand i tråd med tilrådinga i rapporten til Norconsult.
  - For Årås skule må det setjast av midlar i tråd med investeringsbehova for lett ombygging/oppussing.
  - For Kaland skule må den tilretteleggjast for at spesialiserte rom kan lokaliseras i eksisterande bygg. Kostnadsramme for lett, middels og tung investeringsbehov.
  - Det vert lagt ein framdriftsplan for at desse skal vere klar så snart som mogleg. Det vert sett av ei samla investeringsramme på kr 15 mill i tråd med investeringsbehovet.
- Rådmannen kjem attende med eiga sak på endelige kostnader og plan for investeringar knytta til skulebygga. Det vert sett i gang forprosjekt slik at ein har mål om at arbeidet kan slutførast innan skulestart hausten 2022. Som ein del av dette arbeidet skal også plan for oppgradering av uteområda, samt inventar vere ein del av prosjektet.
- Det skal utarbeidast ein vedlikehaldsplan for ein 10 årsperiode som sikrar gode skulebygg og vedlikehaldsetterslep. Finansiering av desse tiltaka må sjåast i samanheng med midlar gjort tilgjengeleg gjennom sal av eigedomar, frigjering av tilgjengeleg overskot og i tråd med finansreglementet.
- Kaland 1 vert ikkje lenger nytt til skuledrift. Det må i eiga sak vurderast tiltak/bruk for Kaland 1 i framtida.
- Modulbygg på Kaland vert nytt til personalavdeling til Kaland barnehage. Det vert sett i

gang eit arbeid for å kostnadsrekna løysinga og ein kjem attende med eiga sak.  
Modulbygget vert nytta som avlastning så lenge skulen har behov for det.

#### Austrheim kulturskule:

- Austrheim kulturskule blir administrativt samlokalisert med Kaland barneskule. Kulturskulen skal framleis vere desentralisert. Det vil vere mogleg å utvikle Kaland barneskule til eit framtidig kulturskulesenter i tillegg til dagens lokalitetar for kulturskulen. Administrativt blir kulturskulen lagt under Kaland skule og tenestetilbodet må forankrast i ein musikk- og kulturskuleplan.
- **Prinsippa i rapport: «Austrheimskulen i framtida – skulestruktur 2021» ligg til grunn for Austrheimskulen i framtida.**

Austrheimsskulen skal vere prega av trygge, gode, inspirerande og utviklande lærings- og skolemiljø. Dette vil gjelde både det fysiske og psykiske skolemiljøet.

#### Skulestruktur:

Ungdomssteget vert samla ved Årås skule. Det vert lagt opp til ein opptrappingsplan slik at 7. steg ved Kaland skule startar på ungdomssteget ved Årås skule hausten 2021. 10. steg fullfører ungdomsskuleløpet ved Kaland barne- og ungdomsskule.

Årås skule skal også frå skuleåret 2021 ha namnet Årås skule.

Kaland barne- og ungdomsskule, blir frå hausten 2022 rein barneskule og vil då få namnet Kaland skule.

Inntaksområdet for ungdomssteget i Austrheim vert heile Austrheim kommune. For barnestega vil gjeldande kringsgrenser halde fram. Kringsgrenser Kaland skule: Leirvåg/Littlås/Kaland, Fonnes og Bakkøy. Kringsgrenser for Årås barnesteg: Njøten/Littlelindås, Leikvoll/Førland, Hopland/Bergsvik/Lerøy, Austrheim, Sætre, Årås, Budal/Toftegård/Ulvøy, Rebnor/Øksnes/Dyrnes og Øyane. Årås ungdomsskule: Heile Austrheim kommune.

#### Andre tilrådingar:

Det vert innført femdagarsveke for alle elevar i Austrheim frå og med hausten 2021.

Det vert utarbeidd samla fag- og timebyteplan for Austrheimskulen for å samkøyra start- og sluttidspunkt i så stor grad som mogleg.

Det skal etablerast eit tenleg samarbeid med Austrheim vidaregåande skule vedk. arbeidslivsfag, forsering av fag, teknologi etc.

#### Skulebygg/skuleområde:

Prinsippa i rapporten vert lagt til grunn som skulebruksplan for framtidig skulebygg. Skulane vert sett i stand i tråd med tilrådinga i rapporten til Norconsult.

For Årås skule må det setjast av midlar i tråd med investeringsbehova for lett

ombygging/oppussing.

For Kaland skule må den tilretteleggjast for at spesialiserte rom kan lokaliseras i eksisterande bygg. Kostnadsramme for lett, middels og tung investeringsbehov.

Det vert lagt ein framdriftsplan for at desse skal vere klar så snart som mogleg.

Det vert sett av ei samla investeringsramme på kr 15 mill i tråd med investeringsbehovet.

Rådmannen kjem attende med eiga sak på endelige kostnader og plan for investeringar knytta til skulebygga. Det vert sett i gang forprosjekt slik at ein har mål om at arbeidet kan slutførast innan skulestart hausten 2022. Som ein del av dette arbeidet skal også plan for oppgradering av uteområda, samt inventar vere ein del av prosjektet.

Det skal utarbeidast ein vedlikehaldsplan for ein 10 årsperiode som sikrar gode skulebygg og vedlikehaldsetterslep. Finansiering av desse tiltaka må sjåast i samanheng med midlar gjort tilgjengeleg gjennom sal av eigedomar, frigjering av tilgjengeleg overskot og i tråd med finansreglementet.

Kaland 1 vert ikkje lenger nytta til skuledrift. Det må i eiga sak vurderast tiltak/bruk for Kaland 1 i framtida.

Modulbygg på Kaland vert nytta til personalavdeling til Kaland barnehage. Det vert sett i gang eit arbeid for å kostnadsrekna løysinga og ein kjem attende med eiga sak.

Modulbygget vert nytta som avlastning så lenge skulen har behov for det.

#### Austrheim kulturskule:

Austrheim kulturskule blir administrativt samlokalisert med Kaland skule. Kulturskulen skal framleis vere desentralisert. Det vil vere mogleg å utvikle Kaland skule til eit framtidig kulturskulesenter i tillegg til dagens lokalitetar for kulturskulen. Administrativt blir kulturskulen lagt under Kaland skule og tenestetilbodet må forankrast i ein musikk- og kulturskuleplan.

**Prinsippa i rapport: «Austrheimskulen i framtida – skulestruktur 2021» ligg til grunn for Austrheimskulen i framtida.**

KrF ønskjer å ta ut siste punktet i vedtaket, om Austrheim kulturskule.

Det vert oppretta eit mellombels utval som skal jobba vidare med tilrettelegging og prioritering av tiltak i forhold til bygg, investering etc.

Samansetning kan vera dels politisk, dels fagressursar, tilsette, ungdomsrådet/elevrepresentantar.

Det vert utarbeidd eit mandat for utvalet som skal godkjennast av formannskapet.

Rådmannen kjem attende med ei sak om dette.

#### **14.01.2021 FORMANNSKAPET**

Åsheim skulekrins foreslått av: Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn

Austrheim Senterparti meiner Austrheim kommune bør strekkje seg langt for å la dei elevane som

allereie har byrja skuleløpet sitt i kommunen få fullføre dette. Talet på elevar frå Åsheim skulekrins i 1.-6. klasse er i dag 15. Dette er relativt få elevar, men det er svært inngripande for dei det gjeld, både dei som må flytte og dei som mister klassekameratar.

Forslaget frå Austrheim Senterparti er at ein henvender seg til Alver kommune og tilbyr dei at desse elevane får gjere ferdig skuleløpet sitt på Kaland for den opprinnelege prisen frå 2003. Dette er i tråd med rådmannen si grunninnstilling om at ting skal vera til elevane sitt beste.

**Endring i vedtak foreslått av: Anne Dahle Austrheim**

KrF ønskjer å ta ut siste punktet i vedtaket, om Austrheim kulturskule.

I starten av saka vart det vurdert om Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) var ugild, på grunn av at han er tilsett ved ein av skulane i kommunen. Ordførar Per Lerøy (Ap) innstilte på at Dyrkolbotn ikkje var ugild, og resten av formannskapet var samde i det.

Undervegs i møtet tok kommunalsjef service og forvalting, Thomas Lindås, over rolla som rådmann.

Kommunalsjef oppvekst og kultur, Bjørnar Fjellhaug, orienterte om saka. Fjellhaug gjekk gjennom dei innspela som har komme i høyringsrunden.

Ordførar Per Lerøy (Ap) takka for orienteringa, og sa at han håpa at ein kan oppnå dei resultata for skulane som er førespegla, og som er ønska av politikarane.

Morten Sognnes (H) sa at skulen på Kaland er ein veldig viktig del av miljøet på Kaland, med mykje liv etter skuletid, og sa at han frykta at dette kan bli redusert etter ei flytting av ungdomsskulen til Årås. Når det gjeld elevane frå Åsheim-krinsen så sa Sognnes at han ikkje trur det er ønskt frå administrasjonen at desse skulle tilbake til Alver, men det er ein del som trur dette. Det må komma veldig godt fram at endringa for prisen Alver kommune skulle betala for Åsheim-elevane, ikkje vart gjort for å kunna flytta ungdomsskule-elevane til Årås.

Sognnes spurte vidare om ikkje Kaland 1-bygget kan brukast vidare til enkelte føremål, som til dømes kontorlokale for PPT, kulturskule eller bibliotek?

Ordførar Per Lerøy sa at det er nettopp Kaland 1-bygget, saman med Rongevær kurs- og fritidssenter, som ein skal sjå på først i det utvalet som skal opprettast for å vurdera bruk av kommunale bygg. For Kaland 1 kan første etasje takast i bruk på mange måtar. Kanskje også som erstatning for Vardehuset, eller lokale for Rockeklubben? Kan bruka andre etasje til SFO, det har vore ei god løysing tidlegare. Bygget må haldast levande, og ikkje stå som ein ruin på skuleplassen.

Lerøy sa om høyringsuttalen frå SU på Kaland at den fortener skryt, er klar over at det smertar for dei å flytta ungdomsskulen. Må syta for at Kaland 1-bygget kan vera levande også vidare. Det er spesielt at ein no legg ned ungdomsskuledrifta på Kaland, 50 år etter at Kaland opna den første ungdomsskulen i Austrheim. Kaland skule skal halda fram med drifta, men som rein barneskule utan ungdomsskule.

Morten Sognnes (H) sa at det er kjempeviktig at ein satsar på den barneskulen ein har på Kaland, og gjer den attraktiv og god. Ta gjerne inn i vedtaket at ein skal sjå på barneskulestrukturen om fem år, og gjer noko med dette innan ti år.

Per Lerøy (Ap) sa om elevtalet på Kaland framover at kommunen har tatt grep for å legga til rette for nye bustader på Kaland/Fonnes, samt lagt til rette for næringsutvikling med nye næringsområde og dermed nye arbeidsplassar. Jobbar for å sikra at folk ønskjer å bu i Austrheim, og i dette området.

Anne Dahle Austrheim (KrF) sa at det er rett å samla ungdomsskule-elevane i ei gruppe, og få nye grupper for elevane etter barneskulen. Bra at det er faglege grunnar for denne endringa, og ikkje økonomien i kommunen.

Glad for at det er stort sett positive tilbakemeldingar, dette er ei sak som ein ikkje heilt har våga å ta i politisk tidlegare. Når det gjeld organiseringa av kulturskulen sa Austrheim at med ei deling der det administrative vert lagt til rektor på Kaland og ein fagleiar i tillegg, ser ikkje kvifor ikkje denne fagleiar bør ha personalansvar. Dersom rektor på Kaland skal ha dette ansvaret, så bind ein seg opp til framtidige utlysingar der denne må ha kulturskule-bakgrunn. KrF ønskjer at ein tek ut det siste punktet i vedtaket, og leiar i kulturskulen heller bør vera knytt direkte til kommunalsjef oppvekst.

Inger Lise Brekke (H) sa at det er kjekt å sjå at det er mykje positive tilbakemeldingar, men må også vera klar for å ta fatt i det som måtte vera av kritiske tilbakemeldingar. Legg til at det også er det sosiale som er viktig for samanslåinga, i tillegg til det faglege som nemnt av Anne Dahle Austrheim.

Brekke støttar det som er framlegg for endring av kulturskule. Om namn på skular støttar Brekke at det er Kaland skule og Årås skule. Om femdagarskule må ein sjå på kva kostnader det vert for familiene om det er meir SFO, og om det er gjennomførbart med skyss. Støttar tanken om å dela undervisninga over fem dagar, men sjå på desse tinga.

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) sa at han forstår innspelet frå Morten Sognnes. Enkelte har spelte inn at dette kjem på toppen av å mista Åsheim-elevane til Alver. Lagt inn eit tillegg til vedtaket, der det heiter at ein skal gjera det ein kan for å halda på elevane frå 1. til 6. klasse, og la desse fullføra barneskulen på Kaland. Det er 15. elevar frå 1. til 6. klasse, å gå barneskulen ferdig på Kaland betyr mykje for desse elevane, og for dei andre som går i klassen. Støttar Kaland skule og Årås skule som namn på skulane. Sa om skuleveg at ein må sjå på Bakkakrysset, og om bygg at det må vera heilt sikkert at ein får gjennomført det som er sagt.

Bjørnar Fjellhaug sa at det var uheldig at endringa for elevane for Åsheim-krinsen kom midt oppi dette, men det var ikkje tilskikta frå kommunen si side. Har gjort det ein kan for å ha desse elevane med vidare, men det er Alver kommune som etter opplæringslova har ansvaret for desse. Har signalisert at ein kan fasa desse ut etter kvart, slik at dei som alt går på Kaland kan fullføra barneskulelopet sitt der. Kan nok vera at Alver-politikarane har vurdert økonomi som viktigare enn det pedagogiske tilbodet til elevane, når ein har sagt at elevane skal fasast ut frå hausten alle saman.

Fjellhaug sa vidare at dersom Kaland 1 skal brukast må det vera iht. dei krava som er for arbeidsplassar, men med dette på plass kan det gjerne brukast av kulturskule, PPT og andre. Men dette må vurderast av det utvalet som skal sjå på dette.

Om omorganisering av kulturskulen sa Fjellhaug at det har det vore ei deling også i dag, og for den løysinga som er tenkt no, skal det ikkje vera tvil om at kulturskuleleiar skal ha ansvaret for det faglege og fordelinga av ressursar i kulturskulen. Dette vert organisert ulikt i ulike kommunar.

Om SFO sa Fjellhaug at ein må sjå på organisering og behov her, veit ikkje korleis dette slår ut, skal rekna på det før handsaminga i KS 21/1. Foreldre kan få støtte til SFO-kostnad.

Skyssbehovet skal meldast inn til Skyss innan 1. mars, deretter set dei opp tilbodet. Er i dialog med Skyss. Om det er auka kostnad til skyss, meiner Fjellhaug at det er ein gevinst ein får tilbake i betre læringseffekt.

Ordførar Per Lerøy sa at ei utbetring av Bakkakrysset er prioritert i trafikksikringsplanen, dette skal ein ta opp med fylket for å få midlar, og ha det med seg i den neste rulleringa av trafikksikringsplanen. Om Åsheim-elevane sa Lerøy at det nok er viktigast for Alver å fylla opp eigen skule på Lindås og ta ansvar for eigne elevar.

Til Inger Lise Brekke svara Fjellhaug at endringa for kulturskulen skal knytta denne tettare til skulane,

som er i tråd med siste endringar i læreplanen, med tettare band mellom kulturskulen og skulane. Andre stader har ein fått til kulturskuledagar i skulane, og ser at ein kan bruka kulturskulen til så mykje meir enn i dag.

Inger Lise Brekke (H) takka for svaret og sa at det er bra å integrera kulturskulen tettare med skulen, og ikkje at det er noko eksklusivt som er utanfor. Spurte også om leksehjelp. Her svara Fjellhaug at dette er noko ein må sjå på vidare opp mot kva som er slutt-tidspunkt. Retten til skyss fell bort dersom ein elev tek imot SFO-tilbod eller tilbod om leksehjelp. Må sjå nærare på korleis ein løysar dette opp mot busstider.

Anne Dahle Austrheim (KrF) sa vidare om organisering av kulturskulen, at det ikkje er rett å knytta det til ein av skulane. Kan jobba på eit anna vis om ein har ein kulturskulerektor som ikkje er knytt til ein bestemt skule. Sa vidare at det nok er fleire som får auka kostnad på SFO, her må det lagast ei oversikt slik at politikarane kan sjå på korleis ein kan letta kostnadene for familiar i Austrheim.

Per Lerøy sa at ein må sjå på SFO-kostnader, den kan vera ganske høg, og med ordenen på kommuneøkonomien er dette noko å vurdera. Her svara Bjørnar Fjellhaug at med ny rammeplan for SFO så må kommunen sjå nærare på innhaldet i SFO, dette skal også vera ein læringsarena, og Lerøy repliserte at dette berre gjer det endå viktigare at SFO vert eit tilbod til alle og ikkje berre dei som har råd til det.

Handsaming i formannskapet:  
Avrøystinga vart tatt i fleire deler:

Namn på skulane: Kaland skule og Årås skule sett opp mot rådmannens framlegg - samrøystes vedteke, rådmannens framlegg fall.

Kulturskule: KrF ønskjer å ta ut siste punktet i vedtaket, om Austrheim kulturskule - støtte frå KrF og Sp, rådmannens framlegg vedteke med 3 mot 2.

Resten av framlegget frå rådmannen, samrøystes vedteke som tilråding til kommunestyret.

#### **FS - 006/21 - 14.01.2021 - Vedtak:**

*Formannskapet si tilråding til vedtak i kommunestyret:*

Austrheimsskulen skal vere prega av trygge, gode, inspirerande og utviklende lærings- og skolemiljø. Dette vil gjelde både det fysiske og psykiske skolemiljøet.

#### Skulestruktur:

- Ungdomsseget vert samla ved Årås skule. Det vert lagt opp til ein opptrappingsplan slik at 7. steg ved Kaland skule startar på ungdomsseget ved Årås skule hausten 2021. 10. steg fullfører ungdomsskulelopet ved Kaland barne- og ungdomsskule.
- Årås skule skal også frå skuleåret 2021 ha namnet Årås skule.
- Kaland barne- og ungdomsskule, blir frå hausten 2022 rein barneskule og vil då få namnet Kaland skule.
- Inntaksområdet for ungdomsseget i Austrheim vert heile Austrheim kommune. For barnestega vil gjeldande krinsgrenser halde fram. Krinsgrenser Kaland skule: Leirvåg/Lithås/Kaland, Fonnes og Bakkøy. Krinsgrenser for Årås barnesteg: Njøten/Littlelindås, Leikvoll/Førland, Hopland/Bergsvik/Lerøy, Austrheim, Sætre, Årås, Budal/Toftegård/Ulvøy, Rebnor/Øksnes/Dyrnes og Øyane. Årås ungdomsskule: Heile Austrheim kommune.

Andre tilrådingar:

- Det vert innført femdagarsveke for alle elevar i Austrheim frå og med hausten 2021.
  - Det vert utarbeidd samla fag- og timebyteplan for Austrheimskulen for å samkøyra start- og sluttidspunkt i så stor grad som mogleg.
- Det skal etablerast eit tenleg samarbeid med Austrheim vidaregåande skule vedk. arbeidslivsfag, forsering av fag, teknologi etc.

Skulebygg/skuleområde:

- Prinsippa i rapporten vert lagt til grunn som skulebruksplan for framtidig skulebygg.
- Skulane vert sett i stand i tråd med tilrådinga i rapporten til Norconsult.
  - For Årås skule må det setjast av midlar i tråd med investeringsbehova for lett ombygging/oppussing.
  - For Kaland skule må den tilretteleggjast for at spesialiserte rom kan lokalisera i eksisterande bygg. Kostnadsramme for lett, middels og tung investeringsbehov.
  - Det vert lagt ein framdriftsplan for at desse skal vere klar så snart som mogleg. Det vert sett av ei samla investeringsramme på kr 15 mill i tråd med investeringsbehovet.
- Rådmannen kjem attende med eiga sak på endelige kostnader og plan for investeringar knytta til skulebygga. Det vert sett i gang forprosjekt slik at ein har mål om at arbeidet kan sluttførast innan skulestart hausten 2022. Som ein del av dette arbeidet skal også plan for oppgradering av uteområda, samt inventar vere ein del av prosjektet.
- Det skal utarbeidast ein vedlikehaldsplan for ein 10 årsperiode som sikrar gode skulebygg og vedlikehaldsetterslep. Finansiering av desse tiltaka må sjåast i samanheng med midlar gjort tilgjengeleg gjennom sal av eigedomar, frigjering av tilgjengeleg overskot og i tråd med finansreglementet.
- Kaland 1 vert ikkje lenger nytta til skuledrift. Det må i eiga sak vurderast tiltak/bruk for Kaland 1 i framtida.
- Modulbygg på Kaland vert nytta til personalavdeling til Kaland barnehage. Det vert sett i gang eit arbeid for å kostnadsrekna løysinga og ein kjem attende med eiga sak. Modulbygget vert nytta som avlastning så lenge skulen har behov for det.

Austrheim kulturskule:

- Austrheim kulturskule blir administrativt samlokalisert med Kaland skule. Kulturskulen skal framleis vere desentralisert. Det vil vere mogleg å utvikle Kaland skule til eit framtidig kulturskulesenter i tillegg til dagens lokalitetar for kulturskulen. Administrativt blir kulturskulen lagt under Kaland skule og tenestetilbodet må forankrast i ein musikk- og kulturskuleplan.
- **Prinsippa i rapport: «Austrheimskulen i framtida – skulestruktur 2021» ligg til grunn for Austrheimskulen i framtida.**

**21.01.2021 KOMMUNESTYRET**

Formannskapet si tilråding til vedtak i kommunestyret: foreslått av:

Austrheimsskulen skal vere prega av trygge, gode, inspirerande og utviklende lærings- og skolemiljø. Dette vil gjelde både det fysiske og psykiske skolemiljøet.

### Skulestruktur:

Ungdomsseget vert samla ved Årås skule. Det vert lagt opp til ein opptrappingsplan slik at 7. steg ved Kaland skule startar på ungdomsseget ved Årås skule hausten 2021. 10. steg fullfører ungdomsskuleløpet ved Kaland barne- og ungdomsskule.

Årås skule skal også få skuleåret 2021 ha namnet Årås skule.

Kaland barne- og ungdomsskule, blir fra hausten 2022 rein barneskule og vil då få namnet Kaland skule.

Inntaksområdet for ungdomsseget i Austrheim vert heile Austrheim kommune. For barnestega vil gjeldande krinsgrenser halde fram. Krinsgrenser Kaland skule:

Leirvåg/Litlås/Kaland, Fonnes og Bakkøy. Krinsgrenser for Årås barnesteg:

Njøten/Littlelindås, Leikvoll/Førland, Hopland/Bergsvik/Lerøy, Austrheim, Sætre, Årås, Budal/Toftegård/Ulvøy, Rebnor/Øksnes/Dyrnes og Øyane. Årås ungdomsskule: Heile Austrheim kommune.

### Andre tilrådingar:

Det vert innført femdagarsveke for alle elevar i Austrheim fra og med hausten 2021.

Det vert utarbeidd samla fag- og timebyteplan for Austrheimskulen for å samkøyra start- og sluttidspunkt i så stor grad som mogleg.

Det skal etablerast eit tenleg samarbeid med Austrheim vidaregåande skule vedk. arbeidslivsfag, forsering av fag, teknologi etc.

### Skulebygg/skuleområde:

Prinsippa i rapporten vert lagt til grunn som skulebruksplan for framtidig skulebygg.

Skulane vert sett i stand i tråd med tilrådinga i rapporten til Norconsult.

For Årås skule må det setjast av midlar i tråd med investeringsbehova for lett ombygging/oppussing.

For Kaland skule må den tilretteleggjast for at spesialiserte rom kan lokaliseras i eksisterande bygg. Kostnadsramme for lett, middels og tung investeringsbehov.

Det vert lagt ein framdriftsplan for at desse skal vere klar så snart som mogleg.

Det vert sett av ei samla investeringsramme på kr 15 mill i tråd med investeringsbehovet.

Rådmannen kjem attende med eiga sak på endelege kostnader og plan for investeringar knytta til skulebygga. Det vert sett i gang forprosjekt slik at ein har mål om at arbeidet kan sluttførast innan skulestart hausten 2022. Som ein del av dette arbeidet skal også plan for oppgradering av uteområda, samt inventar vere ein del av prosjektet.

Det skal utarbeidast ein vedlikehaldsplan for ein 10 årsperiode som sikrar gode skulebygg og vedlikehaldsetterslep. Finansiering av desse tiltaka må sjåast i samanheng med midlar gjort tilgjengeleg gjennom sal av eigedomar, frigjering av tilgjengeleg overskot og i tråd med finansreglementet.

Kaland 1 vert ikkje lenger nytta til skuledrift. Det må i eiga sak vurderast tiltak/bruk for Kaland 1 i framtida.

Modulbygg på Kaland vert nytta til personalavdeling til Kaland barnehage. Det vert sett i gang eit arbeid for å kostnadsrekna løysinga og ein kjem attende med eiga sak. Modulbygget vert nytta som avlastning så lenge skulen har behov for det.

### Austrheim kulturskule:

Austrheim kulturskule blir administrativt samlokalisert med Kaland skule. Kulturskulen skal framleis vere desentralisert. Det vil vere mogleg å utvikle Kaland skule til eit framtidig kulturskulesenter i tillegg til dagens lokalitetar for kulturskulen. Administrativt blir kulturskulen lagt under Kaland skule og tenestetilbodet må forankrast i ein musikk- og

kulturskuleplan.

***Prinsippa i rapport: «Austrheimskulen i framtida – skulestruktur 2021» ligg til grunn for Austrheimskulen i framtida.***

Austrheim KrF om kulturskulen foreslått av: Anne Dahle Austrheim

KrF ønskjer å ta ut siste punktet i vedtaket, om Austrheim kulturskule.

Forslag frå Austrheim Senterparti som tillegg i sak 006/21. foreslått av: Reidar Øksnes

Det vert oppretta eit mellombels utval som skal jobba vidare med tilrettelegging og prioritering av tiltak i forhold til bygg, investering etc.

Samansetning kan vera dels politisk, dels fagressursar, tilsette, ungdomsrådet/elevrepresentantar.  
Det vert utarbeidd eit mandat for utvalet som skal godkjennast av formannskapet.

Rådmannen kjem attende med ei sak om dette.

Kommunalsjef oppvekst og kultur, Bjørnar Fjellhaug, orienterte om saka.

Ordførar Per Lerøy (Ap) takka for orienteringa og opna for debatt.

Helge Dyrkolbotn (KrF) takka for orienteringa og sa at saka vart godt utgreidd før høyringa. Ba om at det vart laga plan for uteområda, særleg på Kaland. Støttar namnevedtaket i formannskapet. KrF ønskjer å ta ut punktet om kulturskulen, viser til at det skal lagast ein plan for den kommunale kulturskulen. Framlegget er at ein tek ut delen om kulturskulen i framlegget til vedtak.

Monika Thorpe (Ap) takka for orienteringa. Bra med satsing på vedlikehald, dette er viktig. Om namn er det ikkje hensikt i å skifta namn på Årås skule. Sa om kulturskulen at det har komme innspel fra tilsette, og spurte om prosessen i dette, om dei tilsette er teke med på råd i det arbeidet som er gjort. Ser ut for at det er noko usikkert og utsig i korleis dette skal vera i framtida, i slike prosessar er det viktig å verta teknere med på råd. Spurte også om det er slik at rektor Kaland skal vera økonomiansvarleg for kulturskulen.

Marita Bru (Bygdelista) sa at ho set pris på at det skal vektleggast kompetanse. Bru sa vidare at ho støttar KrF sitt framlegg, synest det vert feil å låsa kulturskulen opp til ein skule.

Reidar Øksnes (Senterpartiet) sa at dersom det skal endrast noko om kulturskulen så må det stå noko om der, som til dømes at organiseringa av Austrheim kulturskule vert å komma tilbake til. Presenterte sitt framlegg om skulebygg:

"Det bør opprettast eit mellombels utval som skal jobba vidare med tilrettelegging og prioritering av tiltak i forhold til bygg, investering etc. Samansetning kan være dels politisk, dels fagressursar. Det skal utarbeidast eit mandat for utvalet som kan godkjennast av formannskapet."  
(Dette framlegget vart seinare tilpassa noko av kommunestyret i fellesskap, før vedtak).

Inger Lise Brekke (Høgre) takka for ein grundig gjennomgang. Når det gjeld namn støtta ho Kaland skule og Årås skule. Støttar å legga kulturskulen til Kaland, for å knyta kulturskulen tettare til skulen, og utnytta ressursane betre. Spurte om det er rekna på kostnadsauke på SFO, og ba om at det vert lagt fram for kommunestyret dersom det skal kosta meir for foreldra å gå opp frå 4 til 5 skuledagar.

Reidar Øksnes (Senterpartiet) spurte om den erfaringa ein har fått med digital undervisning kan brukast til å gje meir desentralisert undervisning.

Marita Bru (Bygdelista) sa at kulturskulen ikkje bør vera for tett på skulen, det skal heller vera eit pusterom frå den daglege skulekvardagen.

Kommunalsjef Bjørnar Fjellhaug svara på dei innspela som har komme i debatten. For desentralisert utdanning ba han om meir info for å kunna svara. Om SFO-kostnad for foreldra sa Fjellhaug at det er ordningar som skal sikra at ingen betaler meir enn ein viss del av inntekt til SFO, elles kan kommunestyret vedta ulike støtteordningar, og dette vil komma opp i kommunestyret. Om kulturskulen sa Fjellhaug at ein kunne ha vore tydelegare i prosessen undervegs. Om ressursbruken sa Fjellhaug at ein kan oppnå eit samarbeid der kulturskuleundervisning kan kombinerast med vanleg lærarstilling, i tillegg til at ein kan kombinera tettare mellom skulekvardag og kulturskulen, der kulturskulen er inne og forsterkar. For økonomiansvar vert det delegert økonomi- og personalansvar til leiarnivået som er tettast på.

Gro Kaland (Sp) spurte om når Kaland 1 er ute av bruk, Per Lerøy (Ap) svara at dette bygget skal utfasast i vårsemesteret, og er heilt ute av bruk neste skuleår. Bjørnar Fjellhaug supplerte at Kaland 1 skal brukast minst mogleg.

Reidar Øksnes (Senterpartiet) ba om at det vart røysta ledd for ledd.

Per Lerøy (Ap) orienterte om stemmegjevinga, og gjennomførte stemmegjeving punkt for punkt.

Samrøystes for alt unnateke punktet om Austrheim kulturskule, dette vart vedteke mot fem røyster: Reidar Øksnes (Sp), Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp), Marita Bru (Bygdelista), Helge Dyrkolbotn (KrF) og Anne Dahle Austrheim (KrF).

---

Det vart jobba litt med framlegget frå Reidar Øksnes (Sp). Øksnes sa at det er ein ting å vera medlem i dette utvalet, og elles kan ein komma med innspel i saka. Eit omarbeidd framlegg vart røysta over.

Sams for dette framlegget, med dei endringane som vart innarbeidde.

Rådmann Thomas Lindås sa at administrasjonen må sjå på kven som kan vera medlem i dette utvalet, dette må ein komma tilbake til. Kommunalsjef Bjørnar Fjellhaug peika på at noko av mandatet ligg i den saka som er vedteken.

#### **KS - 006/21 - 21.01.2021 - Vedtak:**

Austrheimsskulen skal vere prega av trygge, gode, inspirerande og utviklende lærings- og skolemiljø. Dette vil gjelde både det fysiske og psykiske skolemiljøet.

#### **Skulestruktur:**

Ungdomsseget vert samla ved Årås skule. Det vert lagt opp til ein opptrappingsplan slik at 7. steg ved Kaland skule startar på ungdomsseget ved Årås skule hausten 2021. 10. steg fullfører ungdomsskulelopet ved Kaland barne- og ungdomsskule.

Årås skule skal også frå skuleåret 2021 ha namnet Årås skule.

Kaland barne- og ungdomsskule, blir frå hausten 2022 rein barneskule og vil då få namnet Kaland skule.

Inntaksområdet for ungdomsseget i Austrheim vert heile Austrheim kommune. For barnestega vil gjeldande krinsgrenser halde fram. Krinsgrenser Kaland skule:

Leirvåg/Litlås/Kaland, Fonnes og Bakkøy. Krinsgrenser for Årås barnesteg:

Njøten/Littlelindås, Leikvoll/Førland, Hopland/Bergsvik/Lerøy, Austrheim, Sætre, Årås, Budal/Toftegård/Ulvøy, Rebnor/Øksnes/Dyrnes og Øyane. Årås ungdomsskule: Heile

Austrheim kommune.

Andre tilrådingar:

Det vert innført femdagarsveke for alle elevar i Austrheim frå og med hausten 2021.

Det vert utarbeidd samla fag- og timebyteplan for Austrheimskulen for å samkøyra start- og sluttidspunkt i så stor grad som mogleg.

Det skal etablerast eit tenleg samarbeid med Austrheim vidaregåande skule vedk. arbeidslivsfag, forsering av fag, teknologi etc.

Skulebygg/skuleområde:

Prinsippa i rapporten vert lagt til grunn som skulebruksplan for framtidig skulebygg.

Skulane vert sett i stand i tråd med tilrådinga i rapporten til Norconsult.

For Årås skule må det setjast av midlar i tråd med investeringsbehova for lett ombygging/oppussing.

For Kaland skule må den tilretteleggjast for at spesialiserte rom kan lokaliseras i eksisterande bygg. Kostnadsramme for lett, middels og tung investeringsbehov.

Det vert lagt ein framdriftsplan for at desse skal vere klar så snart som mogleg.

Det vert sett av ei samla investeringsramme på kr 15 mill i tråd med investeringsbehovet.

Rådmannen kjem attende med eiga sak på endelege kostnader og plan for investeringar knytta til skulebygga. Det vert sett i gang forprosjekt slik at ein har mål om at arbeidet kan sluttførast innan skulestart hausten 2022. Som ein del av dette arbeidet skal også plan for oppgradering av uteområda, samt inventar vere ein del av prosjektet.

Det skal utarbeidast ein vedlikehaldsplan for ein 10 årsperiode som sikrar gode skulebygg og vedlikehaldsetterslep. Finansiering av desse tiltaka må sjåast i samanheng med midlar gjort tilgjengeleg gjennom sal av eigedomar, frigjering av tilgjengeleg overskot og i tråd med finansreglementet.

Kaland 1 vert ikkje lenger nytta til skuledrift. Det må i eiga sak vurderast tiltak/bruk for Kaland 1 i framtida.

Modulbygg på Kaland vert nytta til personalavdeling til Kaland barnehage. Det vert sett i gang eit arbeid for å kostnadsrekna løysinga og ein kjem attende med eiga sak. Modulbygget vert nytta som avlastning så lenge skulen har behov for det.

Austrheim kulturskule:

Austrheim kulturskule blir administrativt samlokalisert med Kaland skule. Kulturskulen skal framleis vere desentralisert. Det vil vere mogleg å utvikle Kaland skule til eit framtidig kulturskulesenter i tillegg til dagens lokalitetar for kulturskulen. Administrativt blir kulturskulen lagt under Kaland skule og tenestetilbodet må forankrast i ein musikk- og kulturskuleplan.

***Prinsippa i rapport: «Austrheimskulen i framtida – skulestruktur 2021» ligg til grunn for Austrheimskulen i framtida.***

Det vert oppretta eit mellombels utval som skal jobba vidare med tilrettelegging og prioritering av tiltak i forhold til bygg, investering etc.

Samansetning kan vera dels politisk, dels fagressursar, tilsette, ungdomsrådet/elevrepresentantar. Det vert utarbeidd eit mandat for utvalet som skal godkjennast av formannskapet.

Rådmannen kjem attende med ei sak om dette.

---

